



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referansar:
Dykkar: 2023/1998
Vår: 23/169 - 23/9759

Saksbehandlar:
Marit Nedreli
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:
02.05.2023

Vedtak til klagevurdering - gbnr 8/1 - Søknad om dispensasjon for oppføring av lagerbygning

Tiltak: Oppføring av lagerbygning - lager for strøsand og -salt
Eigedom: Gbnr: 8/1
Tiltakshavar: Revheim Arnstein
Ansvarleg søkjar: Ing K Dømbe

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealføremålet i arealdelen i kommuneplanen for oppføring av lagerbygning for lagring av strøsand og -salt på gnr. 8 bnr. 1.

Planstatus

Eigedommen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-område.

Handsaming

Saka vart handsama av plan- og kommunalteknisk utval i møte den 26.04.2023 saksnr. 035/23, der følgjande vedtak vart fatta:

Kommunen gjev dispensasjon til 1. mai 2025 frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 bokstav a til oppføring av lagerbygning for lagring av strøsand og -salt på gnr. 8 bnr. 1, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Grunngjeving:

Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert tilsidesett. Etter ei samla vurdering er fordelten med å gje dispensasjon større enn ulempen. Saka gjeld ein lagerhall som er oppført som ein mellombels bygning med betongdekke, ringmur i betongklosser og med ein «rubbhall» oppå. Garden har per i dag drift med grovforproduksjon, og melkekvoten er for tida utleigd til eit anna bruk etter at driftsbygningen brann ned for ein del år sidan. Garden har i mange år hatt vintervedlikehald som tilleggsinntekt. Der vert og traktorane som garden disponerer nytta til vinterdrifta. Hallen som saka gjeld vert nytta til innandørs lagring av salt for bruk på vegane på Osterøy. Hallen har vore nytta til saltlager heile tida, og dette var og føremålet ved opprinneleg søknad i si tid. Det vert vurdert som samfunnsnyttig å

gje eit fornya løyve til bygget. Det er trong for eit eigna lokale til å ha saltlagring i kommunen, og arealet denne hallen er oppført på er ikkje i tilknytning til vassdrag med heilårsvassføring. Området er opparbeidd på ein slik måte at dersom trongen for hallen fell vekk vil området enkelt kunne tilbakeførast. Det vert føyd til at areal som var påpeika omdisponert i uttale, er ikkje omdisponert. Området er under oppattdyrking med drenerande masser, og er under synfaringa i ferd med å verte ferdigstilt for attsåing.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

Med helsing

Tore Johan Erstad
leiar

Marit Nedreli
fagansvarleg byggjesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

8/1 - Revheim (Nordre) - Søknad om dispensasjon for oppføring av lagerbygning - lager for strøsand og salt
8/1 - Revheim (Nordre) - Søknad om oppføring av lagerbygning
3_KART_Situasjonsplan_D1 - Situasjonsplan.jpg
4_TEGN_TegningNyFasade_E2 - brosjyre hall.pdf
5_TEGN_TegningNyttSnitt_E1 - snitt.pdf
8-1-kommuneplan-1-1000
8-1-kommuneplan-1-5000
8-1-ortofoto-1-1000
8-1-ortofoto-1-5000
8-1 Vedtak av 03022012
8/1 - Uttale - Dispensasjon - lager for strøsand og salt

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland
Vestland Fylkeskommune

Njøsavegen 2
Postboks 7900

6863
5020

LEIKANGER
Bergen